
Saksnr: 2021/22812-6
Saksbehandlar Matti Torgersen
Dato: 17.09.2021

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Avdelingsdirektør for infrastruktur og veg

Ferjeavløysingsmidlar - Forklaring på endring i anslag

Hovudutval for samferdsel og mobilitet vart orientert om brev frå Kommunal- og moderiseringsdepartementet om nye anslag for ferjeavløysingsmidlar 8. september 2021 i RS-sak 76/2021. Dei nye anslaga vart til dels mykje lågare enn tidlegare anslag. Dette gjeld spesielt for Atløysambandet. På denne bakgrunn sendte avdelingsdirektøren brev til Kommunal og moderniseringsdepartementet om forklaring på endringane.

Vedlagt følgjer svar frå departementet datert 15. september med forklaring på endringane i høve til tidlegare anslag. Endringane skuldast fleire metodiske justeringar i berekningane av normerte ferjekostnader i inntektssystemet ut i frå m.a. å sikre lik praksis for fastsetting av sambandslengda i fleirkantsamband.

Atløy-sambandet er no til ekstern kvalitetssikring (KS2). Når denne ligg føre, legg fylkesrådmannen opp til å fremje politisk sak for søknaden om ferjeavløysingsmidlar for sambandet.